

## FJORDEN, DØDEN OG KJÆRLEIKEN

Dette må vere ei av dei mest praktfulle åremålgåvene til Jon Fosses 60-årsdag (gratulerer!) på laurdag: Ei kombinert diktsamling og cd-plate der Hildegun Riise les Jon Fossetekstar om fjorden, døden og kjærleiken – tilsett nykomponert musikk frå Benedicte Maurseth (hardingfele), Stein Urheim (elgitar, elektronikk, langeleik) og Jørgen Træen (studiomagi).

Musikken deira smyg seg inn; såre hardingfeletonar blandar seg med gitarloops og gitarklimpring; nokon gongar inn i tekstane, andre gongar som etterspel, som utdjuping.

Hildegun Riise les vakkert. Ho bruker pauser, mange pauser, nesten så ho kuttar opp dikta – utan å tapa samanhengen, meir som ein rytme, som eit hjarte som slår – eller som eit telegram – omtrent slik:

*«Så vakkert kledd i grått STOPP du kledde deg så vakkert i grått STOPP og ikkje veit eg kvifor sorga blir så tung STOPP er det fordi du har kledd deg så vakkert STOPP er det fordi du har kledd deg i grått».*

*Magne Fonn Hafskor*

**Hildegun Riise og Benedicte Maurseth held poesikonsert på Litteraturhuset torsdag 26. september – som ein del av denne vekas Fossefest.**

